

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Dato	18.08.2022
Vår referanse	2022/66990-3
Dykkar referanse	20/1094 – 22/49421
Sakshandsamar	Lillian Bakke Byrknes
E-post	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon	45638702


## Uttale til detaljreguleringsplan for Snekkevika - gnr. 464 bnr. 41 m. fl. - offentlig ettersyn og høring - Alver kommune

Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur og veg viser til offentlig ettersyn og høring av detaljreguleringsplan for Snekkevika. Hovedformålet med reguleringsplanen er å fortette eksisterende hyttefelt med etablering av 22 nye fritidsbustadar, naust og kaiområde. Planen legg og opp til utbetring av krysset til fylkesveg 565 Slettevegen.

### Merknader til planforslaget

Ved oppstart av reguleringsplanen hadde vi merknadar til at planen må ta høgde for gjeldande reguleringsplan for Rv 565 Tolleshaug – Soltveit og bygging av Fv. 565 Marås – Soltveit, og til utforminga av avkøyrslene til fylkesveg 565 Slettevegen.

### Avkøyrslar til fylkesveg



Avkøyrsla til fylkesveg nord i planen og avkøyrsla til fylkesveg sør i planen

På dei tekniske teikningane av avkøyrslene til fylkesveg 565 Slettevegen er det ikkje talfesta svingradius. Vi ber om at dette vert inkludert i teikningane. Vi vil minne om at også anleggsavkøyrslar skal ha utforming i tråd med handbok N100. Dimensjonerande køyretøy skal leggast til grunn for

utforminga. Det er uklårt for oss kva som vert dimensjonerande køyretøy for avkøyrsla og ber om meir informasjon om dette.



Utsnitt frå plankartet

Det er også teikna inn to avkøyrselempilarar like nord for avkøyrsla mellom fritidsbustadane i planområdet og fylkesvegen. Vi ser at det ligg eksisterande avkøyrslar her, men kan ikkje sjå at dei er omtala i planskildringa. Vi meiner at dersom avkøyrslene skal vera med, må dei regulerast og ikkje berre visast med avkøyrselempilarar.

#### Rekkefølgjekrav

Slettevegen har ei fartsgrense på 80 km/t og har ikkje tilrettelagt tilbod for mjuke trafikantar på strekninga. Når den nye fylkesvegen opnar vil Slettevegen verte ein lokalveg og det vil verte redusert trafikk på denne veggen.

Det er lagt inn eit rekkefølgjekrav under § 6.3 b) i føresegna om seier; «Avkøyrsele til fylkesveg o\_SV1 skal vere opparbeidd i tråd med teknisk plan og godkjent av Vestland Fylkeskommune».

Statens vegvesen skriv i sin uttale datert 13.07.2022 at det er behov for må ta inn eit rekkefølgjekrav om at ny fylkesveg skal vera opna for bruk før det kan gjevast bruksløyve for nye fritidsbustadar innanfor planområdet. Vi stiller oss bak dette forslaget og ber om at dette vert teke til følgje.

#### Vidare oppfølging

Vestland fylkeskommune ber om at merknadane våre vert teke til følgje og at det vert gjort endringar slik vi ber om. De kan ta direkte kontakt dersom det er spørsmål til merknadene, og for godkjenning av dei tekniske teikningane for avkøyrslene.

Med helsing

**Hege Løtveit**  
leiar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Lillian Bakke Byrknes**  
rådgjevar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*